




**SJUKEHUS:** Fattigsjukehuset, som er ein del av Prinds Christian Augusts Minde, er teikna av arkitekt Christian Henrik Grosch, som mellom anna også har teikna Børsen.



**ÅTVARAR:** – Det ville vera krise om vi fekk ein brann i dette anlegget, seier antikvar Siri Hoem hos Byantikvaren i Oslo.



**VASKERI:** Denne bygningen inneheldt opprinneleg både to straffeceller, smie, fargereri, teppevaskeri, ullvaskeri og lagerrom.



**KULTURMINNE:** – Når «Prindsen» er foreslått freda, er det fordi dette er eit kulturminne av nasjonal verdi, seier kunsthistorikar går forbi i Storgata i Oslo.

## Byantikvaren fryktar øydelegging av verneverdig ei

# Åtvarar mot sprø

**KULTURMINNE:** Byantikvaren i Oslo åtvarar mot hastegjennomføring av planar om sprøyterom på verneverdig eigedom. Fredinga av «Prindsen» i Storgata i Oslo skal no behandlast av bystyret.

nen om å plassera ein brakkerigg til sprøyterommet.

I eit brev frå Byantikvaren, datert 17. januar, heiter det at Byantikvaren er svært uroleg for den opne tilgangen til det planlagde sprøyterommet. Bak dei gamle fasadane og salshallane som vender ut mot Storgata, er det eit større ope område der sprøyterommet er tenkt plassert.

### Brannfare

– Det er alt no eit problem med uønska opphald inne på området. Vi har høyrte om folk som har prøvd å tenna bål i

trappa på fabrikkbygningen. Det ville vera krise om vi fekk ein brann i dette anlegget, seier antikvar Siri Hoem hos Byantikvaren i Oslo.

Hoem meiner ikkje det er noka god løysing å bruka videoovervakning for å prøva å halda uvedkommande ute, slik det har vore foreslått. Dette vil vera i konflikt med interessene til dei som i dag bruker eigedommen. Her er både omsorgsbustader og dagsenter for vaksne med rusproblem og psykiske lidningar.

– Denne bruken er etter vår vurdering funksjonar som både historisk og funksjonelt høver til staden, og vi meiner det er viktig at bruken av eigedommen er i samsvar med bevaringsinteressene, seier antikvaren.

I brevet frå Byantikvaren heiter det også at framlegget om ein gitterport for å avgrensa tilgangen til området ikkje

er ønskeleg ut frå ei kulturminnefagleg vurdering. Ein slik port, som er meint å gjera det mogeleg å ta sprøyterommet raskare i bruk, vil ikkje hindra at brukarar får tilgang til heile eigedommen. Konklusjonen er at ein må venta med å ta i bruk eit sprøyterom til det er bygd ferdig ein lukka passasje frå gata og fram til sprøyterommet.

### Nasjonalt kulturminne

Administrerende direktør Jan-Egil Claussen i Omsorgsbygg KF opplyser at arbeidet med sprøyterommet går uavhengig av fredingssaka. Det mellombels sprøyterommet er meint å vara i to år.

Avgjerda om å saka om freding av PCAM skal leggast fram for bystyret, og ikkje berre behandlast av byrådet, kom i romjula.

Kunsthistorikar Leif Anker er ein av dei som meiner det er viktig å sjå denne fredings-

saka i nasjonal samanheng. Anker arbeider med Landsverneplanen for helsesektoren, som omfattar eigedommar i helsesektoren som er statleg eigedom. I og med at PCAM er eigd av Oslo kom-

**«Det er alt no eit problem med uønska opphald inne på området»**

SIRI HOEM, ANTIKVAR

mune, blir dette anlegget ikkje omfatta av landsverneplanen, men det gjer det etter Anker si vurdering ikkje mindre viktig å få eit vedtak om freding.

– Når «Prindsen» er foreslått freda, er det fordi dette er av nasjonal verdi, seier Anker.

Mangelsgården, som er ein del av anlegget og vart bygd i

## ARKITEKTUR

Av Magnhild Folkvord (tekst) og Tom Henning Bratlie (foto)

Det vekte debatt da bystyrefleirtalet i Oslo i 2006 gjekk inn for å plassera eit sprøyterom på eigedommen Prinds Christian Augusts Minde (PCAM) i Storgata i Oslo. Kritikarane får nye argument når Byantikvaren no åtvarar mot ei hastegjennomføring av pla-



kar Leif Anker. Det meste av dette store anlegget er lite synleg for den som

gedom i Oslo:

# Uterom

1698, vart freda alt i 1927.

Anker peiker på at PCAM var ein mangesidig sosial institusjon som speglar den sosialhistoriske tenkinga på 1800-talet. Her låg det første kommunale sjukehuset som vart bygd i Oslo etter 1814. Ei samanhengjande institusjonshistorie kan avlesast i bygningsmassen, med utbygging, kjønnssegregering, klassifiseringa av dei gale. Det finst veldig få anlegg i landet med ei så brei sosialhistorie som kan samanliknast med dette.

– Eg kjenner berre Kalvskinnet i Trondheim. Der gamle Trondheims hospital, kriminalasylet og fleire institusjonar ligg i eitt område, men ikkje som eitt samanhengjande anlegg. PCAM har vore lite kjent. Wenche Blomberg skal ha mykje av æra for at ein no har komme så langt at det er ei fredingssak til behandling, ho skreiv om dette i

St Halvard i 1995, seier Anker.

Han minner også om at det er Christian Henrik Grosch, den første profesjonelle arkitekten med tilhald i Noreg, som har teikna både fabrikkbygningen og fattigsjukehuset som tilhører dette anlegget. Grosch er elles meir kjent for å ha teikna Børsen, Kirkerista og den første bygningen som hyste Norges Bank, i Rådhusgata.

## Tar tid

Varsel om freding av PCAM, både bygningar og uterom, kom frå Byantikvaren i juli 2006. Bystyret skal uttala seg som høyringsinstans, men når saka kjem til bystyret, er førebels uvisst. Merknader frå bystyret går så til Byantikvaren. Endeleg fredingsvedtak blir gjort av Riksantikvaren, og kjem det klagar på vedtaket, går saka til Miljøverndepartementet.

magnhild.folkvord@klassekampen.no

# Studiesirkel i 60 år

**KVINNER:** Det starta i 1947. No er dei seks kvinner att som kan feira 60-årsjubileum for studiesirkelen som hadde utgangspunkt i tidsskriftet «Kvinnen og tiden».

Av Magnhild Folkvord (tekst) og Tom Henning Bratlie (foto)

Den som måtte tru at studiesirkel er ein aktivitet reservert for unge politiske aktivistar, bør snarast tru om att. Vi har nyleg møtt deltakarar i ein studiesirkel som feirer 60-årsjubileum i år, og den eldste av deltakarane, Rønnaug Eliassen (95), har vore med sia starten. Gjennomsnittsalder for dei fire kvinnene som møttest i kafeen i Det norske teatret for å høyra på lyrikkoppling, er 91 år. Godt rusta med nymotens gjastavar treng dei litt tid for å forflytta seg, men under grå lokkar fungerer alt som det skal. Dei treffest ikkje lenger så ofte som kvar tredje veke, slik det var tidlegare, men iallfall to-tre gonger kvar semester, og har ingen planar om å slutta med det. I tillegg til dei fire vi møter, har sirkelen to andre medlemmer.

Studiesirkelen starta med utgangspunkt i tidsskriftet «Kvinnen og tiden» i 1947. På den tida var det ei rekkje studiesirkelar i gang over heile landet, og dei følgde felles planar for studiearbeidet. Både «Barn i norsk litteratur» og «Kvinnen i norsk litteratur» var tema, og deltakarane hadde omfattande oppgaver med å førebu svar på studiespørsmål. Og dei inviterte forfattarar og andre til å halda innleiingar. Både Inger Hagerup, Haldis Moren Vesaas og ei rekkje andre, både forfattarar og litteraturkunnige, har vore inviterte.

## Gjesteførelsarar

– Når vi hadde gjesteførelsarar, inviterte vi også andre enn dei faste medlemmene i studiesirkelen til å vera med, men vi måtte setja ei grense ut frå kor mange det var plass til. Vi kunne nok vera om lag tjue på det meste, fortel Eva Tostrup (92). På den tida hadde sirkelen tretten faste medlemmer.

«Kvinnen og tiden» var eit feministisk tidsskrift som vart starta av Henriette Bie Lorentzen og Kirsten Hansteen. Bie Lorentzen, som døydd i 2001, var også initiativtakar til denne studiesirkelen. Kvinnene fortel at Bie Lorentzen starta med å samla kvinner til å diskutera litteratur alt da ho sat på Grini under krigen. Både Bie Lorentzen og Meta Christensen (84), som framleis er med i studiesirkelen, hadde lange opphald i konsentrasjonsleiren Ravensbrück under krigen.



**JUBILERER:** Kanskje den einaste studiesirkelen i landet som kan feira 60-årsjubileum? Frå ventre Meta Christensen, Eva Tostrup, Hedy Coward og Rønnaug Eliassen.

Tidsskriftet hadde store opplagstal dei første åra etter krigen, men møtte motbør og mista abonnentar under den kalde krigen.

## Feministar

– Er de framleis like radikale feministar?

– Feministar er vi, men ikkje av dei aller verste, seier Tostrup med ein smil.

– Sjølv om det har skjedd mykje med likestillinga, er det mykje som går galne vegen, legg ho til.

**«Sjølv om det har skjedd mykje med likestillinga, er det mykje som går galne vegen»**

EVA TOSTRUP (92)

Eliassen tar fram frå ryggsekken ein bunke «Kvinnen og tiden» frå dei siste 1940- og dei første 1950-åra. Ein av artiklane har tittelen «Same lønn for kvinner og menn», og er skriven av Bergljot Lie.

– Det manglar framleis mykje når det gjeld lik lønn, seier Tostrup.

– Og menn tilset menn dei kjenner, legg Christensen til.

Dei fire rundt bordet har alle vore yrkesaktive, noko som slett ikkje var sjølvagt for alle kvinner som tilhørde «husmorgenerasjonen». Tostrup har vore både sjukepleiar og dansar, Christensen psykolog, Hedy Coward (93)

lektor i den høgre skolen, og Eliassen, som er jurist, arbeide i utanrikstenesta før ho seinare dreiv eigen sakførarpraksis.

## – Vidare perspektiv

Dei er samde om at studiesirkelen har vore viktig på mange vis. Diskusjonar vart det mykje av. Dei fleste høyrde heime på den politiske venstresida, men det var slett ikkje full semje i alle politiske spørsmål. Det var også ei Høgre-dame eller to blant medlemmene.

– Meiningsutvekslingar gav eit vidare perspektiv, seier Eliassen, som sjølv høyrde til venstresida i Arbeidarpartiet før ho var med og stifta Sosialistisk Venstreparti. Ho vil også vera kjend for mange for omsettinga til norsk av «Det annet kjønn» av Simone de Beauvoir.

Eliassen har framlegg til neste bok ho vil diskutera med studiesirkelen.

– Eg håpar vi kan ta for oss «Statsministerkuppet» av Harald Berntsen, seier ho.

Tostrup har avtale med lektor ved Høgskolen som vil komma for å snakka om eit anna tema.

– Og feiringa av 60-årsjubileet er ikkje over. Dei diskuterte kor dei bør samlast til feiring.

– Eg synest vi bør ha det hos Hedy, iallfall dersom det er glatt. Da blir det så mykje meir morosamt, ler Tostrup, og forklarar at Coward bur i ein skråning.

magnhild.folkvord@klassekampen.no